



Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Nissedal kommune.

Gjeldande fra 01.01.2017

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Nissedal kommune

Heimel: Fastsett av Nissedal kommunestyre 08.12.2016 med heimel i lov av 16.mars 2012 nr.12 om kommunale vass- og kloakkavgifter § 5 og forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) del 4.

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Nissedal kommune

Kapittel 1. Generelle reglar

§ 1. Forskrifta sitt føremål

§ 2. Forskrifta sitt verkeområde

§ 3. Definisjonar

Kapittel 2. Vass- og avløpsgebyr

§ 4. Gebyrtypar

§ 5. Eingongsgebyr for tilknyting:

§ 6. Årlig gebyr:

§ 7. Abonnementsgebyr:

§ 8. Forbruksgebyr:

§ 9. Vassmålar

§ 10. Avvik i årlig gebyr

§ 11. Midlertidig tilknyting

§ 12. Pålegg om utbetring

§ 13. Innbetaling av gebyret

Kapitel 3. Avsluttande reglar

§ 14. Innkrevjing av gebyr

§ 15. Vedtaksmyndigkeit

§ 16. Klage

§ 17. Ikraftsetjing

§ 18. Dispensasjon

Kapittel 1. Generelle reglar

Kommunen sine abonnentar betalar for vass- og avlaupstenester levert av kommunen. Tilhøve mellom abonnenten og kommunen vert regulert av lover og forskrifter samt av lokale forskrifter reglement og regulativ.

Sentrale reglar når det gjeld vass- og avløpsgebyr er følgjande:

1. Lov av 16.mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
2. Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) del 4A, kap. 16, om kommunale vass- og avløpsgebyr.
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Nissedal kommune (dette dokumentet).
4. Andre dokument:
 - a. Gebyrregulativ for det enkelte år.
 - b. Standard abonnementsvilkår for vass- og avløpstjenester (Tekniske og Administrative) vedteke av kommunestyret 18.11.2010 i sak 83/10.

§ 1. Forskrifta sitt føremål

Forskrifta gjev reglar om berekning og innbetaling av dei gebyra abonnenten skal betale for dei vass- og avløpstjenester som kommunen leverer.

§ 2. Forskrifta sitt verkeområde

Forskrifta gjeld alle kommunen sine abonnentar, sjå definisjonar i § 3.

§ 3. Definisjonar.

Abonnent:

Eigar/festar av eigedom som er registrert i Matrikkelen med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsleidning, direkte eller gjennom felles stikkleidning.

Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 27-1

§ 27-2 og § 31 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsleidning.

Abonnementsgesbyr:

Årsgebyret sin faste del, som skal dekke ein del av kommunen sine faste kostnader for vass- og/eller avlaupstenester.

Bruksareal

Bruksarealet (BRA) for ein bygning er registrert i Matrikkelen, og bereknast med utgangspunkt i NS 3940. For detaljar, sjå NS 3940.

Bruksendring:

Med bruksendring meinast her endring mellom ulike bygningstypar i høve til inndeling i Matrikkelen, som til dømes bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemد.

Eingangsgebyr for tilknyting:

Eingangsgebyr for etablering av abonnement for vass- og/eller avlaupstenester.

Privat stikkleidning:

Privat leidning eigmeld av ein eller fleire av abonnentar som er tilknytt til det kommunale leidningsnettet.

Forbruksgebyr:

Årsgebyret sin variable del som bereknast etter forbruk (målt eller stipulert).

Bustad:

Bygning som er registrert som permanent bustad i Matrikkelen (bygningstype 111-159)

Fritidsbustad:

Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen (bygningstype 161-163)

Anneks:

Anneks er frittliggende bygg berekna for overnatting og er ingen sjølvstendig bueining for varig opphold (bygningstype 181-183).

Bustadeining:

Bustad eller fritidsbustad med eit eller fleire rom og med separat inngang, samt eige bad/WC og kjøkkendel. Ein bygning kan innehalde fleire bustadeiningar.

Gebyrregulativ:

Kommunen sin gjeldande prisoversikt for vass- og avlaupsgebyr. Satsane i gebyrregulativet oppdaterast årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

Næringsverksemd:

Ervervsmessig verksemd, eigedomar som ikkje hovudsakeleg vert nytta til bustadføremål.

Offentleg verksemd:

Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

Stipulera forbruk:

Berekna forbruk dersom reelt forbruk ikkje kan målast med vassmålar.

Årsgebyr:

Det samla gebyret som bereknast årleg for kommunen sine vass- og avlaupstenester.
Årsgebyret inneheld abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

Kapittel 2. Vass- og avløpsgebyr

§ 4. Gebyrtypar

- 4.1 Følgjande gebyrtypar gjeld for vass- og avløpstenester:
 - Eingongsgebyr for tilknyting
 - Årsgebyr (abonnementsgesbyr og forbruksgesbyr)
 - Gebyr for midlertidig tilknyting.
- 4.2 Vass- og avløpsgesbyra differensierast etter føljande bygningstyper:
 - Fritidsbustader
 - Bustader
 - Næringsverksemd og offentleg verksemd.

§ 5. Eingongsgebyr for tilknyting:

- 5.1 Eingongsgebyr vert kravd per bygning som vert tilknytt kommunalt vass- og/eller avlaupsnett. Ein bygning kan ha fleire bustadeiningar. Ved fleire bustadeiningar i same bygning, vert eingongsgebyret rekna til 50% av gjeldande sats for kvar bustadeining. I kombinera bygg skal det betalast eingongsgebyr per bustadeining og per næringseining.
Garasje, uthus, anneks (Matrikkelkode 181-182), kan knytast til eksisterande abonnement dersom bygningen er godkjent for dette og forbruket vert registrera med felles vassmålar.
- 5.2 Eingongsgebyret vert fastsett i høve til type bygning. Storleiken på eingongsgebyret vert fastsett i gebyrregulativet. Det kan fastsettast høgare eingongsgebyr for eit definert geografisk område i kommunen.

For fritidsbustader gjeld følgjande:

- Der det ligg føre utbyggingsavtale eller anleggsbidragsavtale der utbyggjar gjev bidrag til, kan det avtalast låg sats for eingongsgebyr.
 - For eksisterande fritidsbustader eller tomter som endrast frå låg til høg sanitær standard, gjeld det at desse skal dokumentere rett til å nytte eventuell privat stikkledning, samt om bustad/tomt er omfatta av anleggsbidragsavtale eller utbyggingsavtale.
 - For alle andre tilknytingar til offentleg vass- og avlaupsnett, skal høg sats for tilknyting nyttast.
- 5.3 Kommunen kan fastsette avvikande eingongsgebyr for tilknyting når tilknytinga krev ekstra høge eller låge kostnader, eller når vassforbruk og/eller kloakkmennd er særleg liten eller særleg stor.
 - 5.4 Eingongsgebyr krevjast ved godkjent byggeløyve eller når bustaden er kravd tilknytt.

§ 6. Årsgebyr:

- 6.1 Årsgebyr for vass- og/eller avlaupstenester krevjast av alle abonnentar og består av to delar: Abonnementsgebyr og Forbruksgebyr.
- 6.2 Samla abonnementsgebyr for kommunale vass- og avlaupstenester skal dekke kommunen sine forventa faste kostnader knytt til høvesvis vass- og avlaupstenester. Alle andre kostnadar ved desse tenestene dekkast inn gjennom forbruksgebyret.
- 6.3 Storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr fastsettast årleg av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet.
- 6.4 Årsgebyr for fritidsbustad tilknytt felles vasspost settast til $\frac{1}{4}$ av abonnementsgebyr og berekna forbruksgebyr for vatn.

§ 7. Abonnementsgebyr:

- 7.1 Abonnementsgebyret differensierast etter bygningstype. Alle abonnentar i ei bygningstype betalar eit like stort fast beløp som kjem fram av gebyrregulativet.
- 7.2 Abonnementsgebyr betalast pr. bygning eller pr. bustadeining i seksjonert bygning tilknytt kommunalt vatn og/eller avløp. Ein bygning kan fleire bustadeiningar. Ved fleire bustadeiningar i bygg som ikkje er seksjonert, vert abonnementsavgifta rekna til 50% av gjeldande sats for kvar bustadeining.
- 7.3 Abonnementsgebyr krevjast frå dato for godkjent løyve eller etter dato når bustaden er kravd tilknytt.

§ 8. Forbruksgebyr:

- 8.1 Bustader kan velja mellom å betaler forbruksgebyr etter måling eller etter berekna forbruk. Ved måling skal forbruket målast med godkjent vassmålar.
Fritidsbustader betalar forbruksgebyr etter måling. Forbruket skal målast med vassmålar.
Næringsverksemde betalar forbruksgebyr etter måling. Forbruket skal målast med vassmålar.
Abonnentar som har installert vassmålar, kan ikkje seinare krevje abonnementet endra til betaling etter berekna forbruk.
- 8.2 For alle abonnentar gjeld det at avlaupsmengde reknast lik vassmengd, sjå og § 10.
- 8.3 Om forskrifta ikkje krev installering av vassmålar kan både kommunen og abonnementen krevje at forbruksgebyret fastsettast ut frå målt forbruk.
- 8.4 Forbruksgebyr betalast frå når bygningen vert teken i bruk.

§ 9. Vassmålar

- 9.1 Det skal installerast vassmålar i alle nye bygningar som vert tilknytt vass- og/eller avlaupsnettet.
For å redusere lekkasjar på leidningsnettet, kan kommunen også krevje installering av vassmålar i alle eksisterande bygg tilknytt det kommunale vass- og/eller avløpssystemet.
Godkjent rørleggar skal installere målar i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar.
Etter montasje skal vassmålar plomberast av kommunen eller av rørleggaren.
Tilbakemelding om installert vassmålar, og/eller utskifting av vassmålar, sendast kommunen på eige skjema.

Avlesing av vassmålar vert gjort ein gong kvart år. Abonnenten les av og melder dette skriftleg innan fastsett frist. Dersom vassmålar ikkje vert lest av innan fristen, eller dersom data ikkje vert innmeldt til kommunen, vert årsforbruk stipulera.

Kommunen kan til ei kvar tid kontrollere vassmålarar som er i bruk. Viser kontrollen ein feil ved målaren, vil det bli gjort pålegg om utskifting av målaren. Er ei plombering brote, vert vassforbruket for terminen sett til stipulert forbruk gonger 4.

For andre reglar om installasjon, bruk og leige av vassmålarar:
sjå *"Standard abonnementsreglement for vann og avløp"*

- 9.2 Kostnader ved innkjøp, installasjon, drift, avlesing m.m. dekkast av abonnenten.

§ 10. Avvik i årsgebyret

- 10.1 Dersom avløpsmengda frå næringsverksemd, offentlig verksemd eller idrettsforeiningar med eigne baneanlegg er vesentlig større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp baserast på målt eller berekna avløpsmengde.
- 10.2 For næringsverksemd og offentlig verksemd, kor avløpsvatnet si samansetning avviker frå vanlig hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sine avløpsanlegg, kan det berekast eit påslag på forbruksgebyret for avløp, basert på dei forventa ekstrautgiftene.
- 10.3 Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp, gjer ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.
- 10.4 Det skal inngåast eigen avtale med abonnentar som omhandlast av 10.1 og 10.2.
- 10.5 Jordbrukseigedommar der driftsbygninga er tilknytt kommunal vassforsyning må installere eigen vassmålarar for driftsbygning. Gebyr for vatn til driftsbygning følgjer satsar for næringsverksemd.
- 10.6 Abonnentar med privat drikkevatn som er tilknytt offentleg avløp, betaler kommunale gebyr for avløpsvatnet etter målt vassmengd, eller berekna vassmengd ihht gebyrregulativet.
- 10.7 Abonnentar med privat avløpsløysing og offentleg tilknytt drikkevatn betaler berre kommunale vassavgifter. For private avløpsløysingar gjeld eigne forskrifter og gebyr.

§ 11. Midlertidig tilknyting

- 11.1 Med midlertidig tilknyting meinast bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller avløp, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast ein avgrensa periode. Som eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.
- 11.2 Eigar/festar av eigedommen eller eigar av bygg som skal knytast til midlertidig, skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avrekning i høve til den tid tilknytinga er operativ. Størrelsen av gebyr for næringsverksemd kjem fram av gebyrregulativet.
- 11.3 Det skal ikkje krevjast eingongsgebyr for tilknyting, men alle kostnader ved tilknyting og fråkopling belastast av eigar/festar av eigedommen.
- 11.4 Midlertidig tilknyting gjeld opp til eit år, med høve til å søke om forlenging.

§ 12. Pålegg om utbetring

- 12.1 Kommunen kan gje abonnenten eit pålegg om å utbetre eigen avløpsstikkleidning innan angjeven frist, jf. forureiningslova § 7. Iht. forureiningslova § 73 kan det gjevast eit

forureiningsgebyr om forholdet ikkje er utbetra når fristen er utgått. Dersom den ansvarlige ikkje etterkjem pålegget kan kommunen sørge for iverksetting av tiltaka, jf. forureiningslova § 74.

- 12.2 Kommunen kan be abonnementen å utbetre feil på privat vassleidning og vassinstallasjoner innan angjeven frist som grunnlag for å kunne fastsette vassforbruket. Dersom forholdet ikkje er utbetra når fristen er utgått, bereknast årsforbruket.

§ 13. Innbetaling av gebyret

- 13.1 Abonnementen står ansvarleg for betaling av gebyra. Ved forsinka innbetaling leggast det til morarenter etter morarentelova.
- 13.2 Gebyr for midlertidig tilknyting fakturerast særskilt.
- 13.5 Avlesing av målt vassforbruk gjerast ein gong pr. år.
Forbruksgebyret betalast a konto fordelt på minst 2 terminar basert på fjarårets forbruk. Avrekning skjer 1 gong i året.
- 13.6 Dersom abonnementen sitt vassforbruk har endra seg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre a konto beløpet.
- 13.7 Etter søknad kan kommunen gje fritak for årsgebyr når gebyrpliktig eide dom fysisk koplast frå kommunalt leidningsnett. Ved vedtak om fritak, opphører abonnementet når melding om at anboringspunktet er plombera, er motteke. Også dersom abonnementen har vassmålar eller installerer vassmålar i samband med søknad om fritak, kan det gjevast fritak for årsgebyret. Føresetnaden er at målar lesast av og plomberast av godkjend røyrlægger.
Ny tilknyting av eide dommen krev ikkje nytt eingongsgebyr for tilknyting. Kostnader ved fråkopling og ny tilknyting samt ved installering av vassmålar dekkast fullt ut av abonnementen. Arbeidet skal utførast etter kommunen sine krav.

Kapitel 3. Avsluttande reglar

§ 14. Innkrevjing av gebyr

- 14.1 Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter lov om pant § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkrevjing av skatt.

§ 15. Vedtaksmynnde

- 15.1 Vedtak etter denne forskrift fattast av rådmannen eller den han gjev mynde.

§ 16. Klage

- 16.1 Avgjersler etter forskrifta som er enkeltvedtak, følgjer forvaltningslova, kap. IV-VI, og kan klagast på. Klaga sendast til den som har fatta vedtaket. Klaga skal behandlast i kommunen si klagenemnd. Vedtak i klagenemnd er endeleg.
- 16.2 Vedtak om gebyra sin storleik gjerast av kommunestyret, jf. Forvaltningslova kap. VII.

§ 17. Ikraftsetjing.

- 17.1 Forskrifta tek til å gjelde 01.01.2017, og erstattar frå dette tidspunkt tidlegare forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr i Nissedal kommune.

§ 18. Dispensasjon.

- 18.1 Det kan ved særskilte høve søkast om eit tidsgrensa fritak frå abonnementsgebyr, dette i høve kor utbyggingsfirma bygger for vidaresal.